

Del av den gamle stølsvegen frå bygda til Rødungen S



Frå gammalt av gjekk stølsvegen frå gardane i Breiegrenda til stølane i Sangefjellområdet opp Sangelia til Nystølen. Ved Nystølen delte stølsvegen seg. Eine stigen gjekk til Storestølen og Veslestølen langs Bergstølhovdene og Rødungen, sjå tur 8.1. Den andre stigen er den du skal gå no.

Frå Sangefjellvegen går du inn på Nystølvegen og nordover ned til Nystølen. Derfrå går stigen fyrst i søraustleg retning gjennom eit skogsterreng på eit par hundre meter. Deretter går den på nordsida av Nystølmyrane. I dette området er det fantastisk utsikt mot nord til bl.a. Reineskarvet.

Om lag halvvegs på turen passerar du dei to idylliske Partjørnane. Herfrå ser ein Storestølhovda og Hauststølnatten i søraust. Når ein kjem inn i skogen på nordsida av desse høgdene deler stigen seg og ein tek valet om ein vil gå til Storestølen eller Veslestølen. Stigen til høgre går aust for Storestølhovda og til Storestølen. Stigen til venstre går rundt Hauststølnatten og ned til Veslestølen. Begge toppane har fin panoramautsikt.

Attende tek du same vegen.

Det har vore omfattande stølsdrift i Sangefjellområdet og dei tre stølane har vore del av ein gamal og livsviktig tradisjon. Nystølen var fyrst ein støl under garden Breie og deretter under Tangeviken frå 1906. Det er ikkje støla der dei siste generasjonane. Storestølen høyrde til garden Sundbrei og der var det støling til 1950-åra. Veslestølen er og ein støl under garden Sundbrei og her vart stølsdrifta avslutta med geitehald i 1998 og sauehald i 2005.



For meir detaljert kart: Veståsen /Sangefjell 1:50.000 eller Geilo 1:50.000.



Ta av frå Rv. 7 og køyr gjennom Kleivi Industriområde og inn på Sangefjellvegen. Køyr vegen opp lia og sørover mot Rødungen S. Følg vegen i ca. 8 km, til du er ca. 200 meter forbi avkøyringa til Nystølvegen mot Turraug og Nystølen.



Gamal stølsveg/sti



12 km t/r til Storestølen og ca 14,5km t/r til Veslestølen.
1020 – 960 moh.



Ved Sangefjellvegen, på høgre side 200 m etter krysset til Nystølvegen.



Fjellveg på fyrste del av turen, fram til Nystølen. Deretter gamal stølsveg/sti.